

Leirdalen – ein av dei mange utfkantane.

Ei vakker og livsfrisk grend med gode framtidsvoner ligg einsam under armene frå Jostedalabreen og ventar på ei ny tid med veg.



Slit ligg Leirdalen framfor ein når ein kjem opp på refet. Der er store velstelte hus og gardar. Hestfjellet klypper breen i to, men for ein mannsalder sidan raft isen mest så langt som biletet syner. Det var i lia der fiste bjørnen i Sogn vart stoten i 1956, etter å ha herja i faueslokkane.

Siste gongen det vart stote bjørn i Sogn var i 1956, og bamsen vart felt i den vesle grenda Leirdalen i Luster. Det fortel noko om dalen, at han ligg avfides og er så fredsam at fjeldshynte dyregjester slår seg til der. Der er langt til allfarvegen, og vegkravet deira er vel 120 år gamalt. Men der er gode framtidsvoner, store vidder jord vert lagt under plogen og med vegen vil det renna ei ny tid for det vesle samfunnet der oppe under Jostedalabreen, der 11 småborn leikar seg og skal veksa opp til nye nyttige samfunnsmenneske.

Heradsgartnar Markus Bøe var med Luster heradsstyre til Leirdalen og gav ei utgreiing om grenda. Han var viss om at vegen som no vert bygd, vil verta til opphjelp og ikkje nokon flytteeveg. Her er store villkår, jorda er utskift og her er gode fjellbeite. I fjor vart det maskindyrka om lag 80 mål jord og det gav kvar av dei seks gardane ein tilvekst på 8-14 mål ny jord. Det er viktig for jordbruket at det vert relativt store drifts-einingar så det er lønsamt å mekanisera. Det kan ein gjera når vegen kjem.

Heradsgartnaren kom så inn på kva produksjonsopplegg som kan vera naturleg, og nemnde i det høvet at folket i Leirdalen er arbeidsamt. Eitt produksjonsopplegg er mjølk og kjøt, og stamsedal av poteter. Det kan og verta stamfrøal, som det er gode villkår for. For produksjon av kjøt og mjølk må vår- og haustbeita verta betre, og det må verta kulturbeite. Tilhøva for kjøtproduksjon for både storfe og sau ligg godt til rette no då salsamyrket er så godt utbygd med Sogn Slakteri.

Det er viktig med driftsplanlegging. Folk tenkjer meir økonomisk enn før, og planlegginga vert gjort med sikte på framtida.

Ordførar Anders Bjørk takka heradsgartnaren for utgreiinga og sa at folket i Leirdalen har synt at dei kan engassera den rette når dei har fått heradsgartnaren på si side. Og me i heradsstyret vil hugsa at de her enno ikkje har fått dei goder som andre har med veg fram til husa sine. Eg trur ikkje det vil møta motbør med ei hjelp her, men det er så at me må vurdera krava. Men me vil setja inn med det me kan. Får me konfessjonsavgifta, kan både vegen her og andre ting koma, sa ordføraren til slutt.

200 mål skal dyrkast.



Her ser ein Leirdalen frå den andre kanten, heimover mot busetnaden og nedover mot dalføret til Jostedal. Som ein ser er her store dyrkingsvidder.

Det er svært mykje god jord i Leirdalen, og dei har ikkje tenkt å slå seg til ro med dei 80 måla som vart dyrka i haust. Planen er at 110 mål til skal snuast om, slik at den totale tilveksten vert bort i mot 200 mål. Dette føreset ein veg med bru over til sørvestsida av dalen, der det er meininga å gå i gang med skogreising. Det er planta noko gran før, og ho står svært fin.

Vegen frå fylkesvegen til Jostedal og opp i Leirdalen er omlag 3,4 km lang. Der er bratt opp i gjennom, med eit djupt gjel på venstre sida når ein fer opp. Der nede brusar elva, som i 1926 laga slikt storras at bøndene på Ulsmo har hatt mein av det life til våre dagar ved at Jostedalselva vert hindra i laupet sitt og lagar flaum når snøsmeltinga tek til. Vegen er no komen vel 2 km opp i gjennom, og det er meininga at arbeidet på han skal ta til att i desse dagar. Dei har omlag 40.000 kroner til rådvelde, men treng 50-60.000 kroner til for å gjera alt ferdig.

Med vegen fjem lettare vilkår.

Med vegen vil det verta ei ny tid, og folket vert spart for mykje slit. Olav Havreberg som var lærar der nokre år før krigen, kunne fortelja litt om det. Snøen kunne sume tider vera opp til to meter djup, og det var mang ein gong slitsamt å ta seg opp i Leirdalen med bær på ryggen. Særleg minnest han ein sundagskveld i snødriv og fok han kom opp, sliten og trøytt. Dagen etter sa Lars Leirdal til han: I går var du trøytt, eg tykte du raga.


Frå den første tida dei veit om var det berre tre gardar i Leirdalen. For ikkje mange år sidan var der sju, men no er talet seks, då to vart slegne saman. Og det ser ut til at folk trivst i den vesle grenda. Gardguten tek over farsgarden, og kone finn dei seg i grenda. Der er 11 born frå skulepliktig alder og nedover til eitt som enno sat på armen til mora, så det er framtidsvoner for bygda på meir enn ein måte.

50 meter lang løe !

I dei seinare åra har det vorte bygt fleire nye hus til avløysing for dei gamle, som ofte kunne vera tungvinte. På garden som Kristoffer Leirdal overtok etter faren, var såleis fjøsbygningen 80 alner eller om lag 50 meter lang! Det var nett som du såg eit jarnbanetog, fortel dei som såg det. Det vart bygd på etter kvart det trengdest, så til slutt var det ei heil vinne å gå frå den eine enden til den andre. Ho er ikkje lita den nye løa og fjøsen heller, men dei er praktiske og lettvinde.

Leirdalen har og eit aktiva i elva. Vassdraget vart felt i 1917 for 60.000 kroner, men berre halve summen vart betalt. Eigedomstilhøvet er no uklart, men ein meiner at vassretten no er på svenske hender. Men sidan heile kjøpesummen ikkje er betalt, er det von om at grunneigarane kan få det att no etter så mange år.

Vassdraget vil truleg kunna gje 40.000-50.000 kW. Det vert då demning framme ved utlaupet av Tunsbergdalsvatnet, som er om lag 2,5 km langt. Men ved ei slik oppdemming vil fring 5.000 mål jord verta sett under vatn. Dette vatnet ligg fring 450 meter høgt, litt meir enn tuna i Leirdalen.



Kristoffer Leirdal er grenda sin representant i heradsstyret.

